


Grovplan Storegruppa


Årsplan og pedagogisk grovplan er arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivingane til barnehagen. Desse planane skal gje informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.

Januar og Februar 2020

Fagområde Fokus Tema	Kva seier Rammeplan Kva vil barnehagen legge vekt på i fagområda:	Barnehagen om rammeplanen sine føringar, og barnehagen sitt verdigrunnlag	Rammeplanen er tydelig på at personalet skal:
<p>Kommunikasjon, språk og tekst</p> <p>Leik og venskap</p> <p>Språkløyper Gjennomgåande tema, heile året</p> <p>Vinter </p> <p>Samefolkets dag Estlandsk nasjonaldag Fastelaven og karneval Morsdag</p> <p>Rommet som den tredje pedagog Gjennomgåande tema, heile året</p>	<ul style="list-style-type: none"> *Verte kjend med nye barn i barnehagen gjennom fri-leik og samvær på tvers av gruppene. *Fremme venskap i leik, samlingstunder og i forskjellige aktivitetar. *Introdusere dikt, rim, song, eventyr og bøker i barnegruppa. *Lese/snakke/samtale i bokformidlingssituasjonar. *Leike med bokstavar og leggje til rette for leikeskriving og teikning. *Bruke språket aktivt, tulle med språket og motivere til språk. *Fokusere på vinteren som årstid. (Den vesle kvite dama). *Nytte uteområdet, finne bakkar for å renne, leike og forme med snø. *Markere Samefolkets dag med mat, historier og flagg. 	<ul style="list-style-type: none"> *Barnehagen jobbar for å skape eit nært samarbeid med heim og familie. *Skape samhald, felleskap og tryggleik i gruppa, fremme og utvikle positive haldningar til kvarandre. *Gje rom for at barna får uttrykkje kjensler, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måtar. *Språk hjelper barnet til å utvikle relasjonar, og å delta i leik. Språket er og viktig fordi det hjelper barnet å løyse konflikhtar. *Stimulere til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing. *Leik med språket stimulerer til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. 	<ul style="list-style-type: none"> *Arbeide for at alle barn får erfare at dei er verdifulle og viktige for felleskapen. *Skape ro og trygge omgivadar. *Gi omsorg og sjå det enkelte barnet. *Fremme eit inkluderande miljø. *Støtte barns refleksjon rundt situasjonar, tema og fenomen og skape forståing og meining saman med dei. *Oppmuntre barn til å fabulere og leike med språk, lyd, rim og rytme. *Bruke tid på å finne bøker som passar ulike aldersgrupper, og å forberede seg som vist i språkløypeopplegget.


Grovplan Storegruppa

Mars og April 2020

Fagområde Fokus Tema	Kva seier Rammeplan Kva vil barnehagen legge vekt på i fagområda:	Barnehagen om rammeplanen sine føringar, og barnehagen sitt verdigrunnlag	Rammeplanen er tydelig på at personalet skal:
<p>Nærmiljø og samfunn</p> <p>Leik og venskap Språkløyper</p> <p>Vår</p>  <p>Gresk nasjonaldag Nederlandsk nasjonaldag Barnehagedagen «Ulike sammen» Påske Barnekonvensjonen</p>	<p>*Gi omsorg og sjå det enkelte barn og foreldre, for å bygge og fremje positive relasjonar og utvikling.</p> <p>*Verte kjend med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformar.</p> <p>*Gjennom leik, samtale, bøker og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med og gryande kjennskap til menneskerettane.</p> <p>*Bruke nærmiljøet til å observere, undre oss, og utforske.</p> <p>*Fokusere på våren som årstid. (Den vesle gulgrøne jenta).</p>	<p>*Kvar relasjon er eit lite utviklingsmiljø.</p> <p>*Ved å medverke i barnehagen sitt kvardagsliv, vil barnehagen gje barn gryande erfaring omkring det demokratiske prinsipp.</p> <p>*Fremje kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lære av naturen, og utvikle respekt og ei gryande forståing for korleis vi kan ta vare på naturen.</p>	<p>*Vere bevisst si eiga rolle i møte med barn og foreldre. Nytte si erfaring, kunnskap om relasjonar i møte med barn og vaksne. Vere bevisst på si eiga oppdragar rolle i møte med barna, og at vi er forbilde ovanfor dei.</p> <p>*Vere bevisst på at medverknad og grensesetting går hand i hand: Opptre venleg og respektfullt, gjennom blick, ved å bekrefte, gje fysisk kontakt og ved å dele glede og humor, men og sette grenser på ein god måte.</p> <p>*Gje barna like moglegheiter, fremje likestilling og motverke mobbing og diskriminering.</p> <p>*Oppmuntre barna til å medverke i eigen kvardag.</p> <p>*La barna få kome med forslag til aktivitetar, turar m.m.</p> <p>*Vere lydhøyre for barna sin trong til å utforske i leik og aktivitetar.</p>

Grovplan Storegruppa

Mai, Juni og Juli 2020

Fagområde Fokus Tema	Kva seier Rammeplan Kva vil barnehagen legge vekt på i fagområda:	Barnehagen om rammeplanen sine føringar, og barnehagen sitt verdigrunnlag	Rammeplanen er tydelig på at personalet skal:
<p>Kunst, kultur og kreativitet</p> <p>Leik og venskap</p> <p>Språkløyper</p> <p>Sommar</p>  <p>Norsk nasjonaldag Filippinsk nasjonaldag Svensk nasjonaldag</p>	<p>*Barnehagen skal nytte varierte teknikkar i organiserte aktivitetar, men og leggje til rette for eiga utforsking i frie aktivitetar og leik.</p> <p>*Bruke musikk opplegg der ulike instrument, rørsleleik og dramaleik er rådande. Ta i bruk det materiellet vi har; kostymer, masker, møblar og inventar. La barna få sette sitt preg på leiken/dramatiseringa.</p> <p>*Lage egne historier, bygd på idear og interesser hos barna. Nyttje digitale hjelpemiddel for å til dømes lage eiga «bok».</p> <p>*Fokusere på sommaren som årstid. (Den vesle grøne guten).</p> <p>*Leggje til rette for å skape både ute og inne. Bruke forskjellige typar materiale for å skape forskjellige kunstnasiske uttrykk.</p>	<p>*Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrslø og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk.</p> <p>*Barnehagen skal leggje til rette for kulturmøte, gi rom for barnehagen si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og mestring i sosiale og kulturelle fellesskap.</p>	<p>*Arbeide for at alle barna får erfare at dei er verdifulle og viktige for fellesskapen.</p> <p>*Motivere barna til å uttrykkje seg gjennom musikk, dans, drama og anna skapande verksemd og la dei få utvikle varierte uttrykksformer.</p> <p>*Synleggjere og skape estetiske dimensjonar i inne- og ute-romma i barnehagen.</p> <p>*Vere lyttande og merksame på dei ulike kulturelle uttrykka til barna, vise respekt for ytringsformene deira og fremje lysta til å gå vidare med å utforske dei estetiske områda.</p> <p>*Delta i leik for å stimulere barn si språkutvikling, og nytte språket aktivt under alle dagens gjeremål og rutinar.</p>